

Læreplan i valfaget kulturarv

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 12. juni 2020

Gjeld frå 01.08.2020

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Kulturarv handlar om å få erfaring med og innsikt i ulike tradisjonar og handverk. Faget skal vidare gi elevane innsyn i ulike sider ved og delar av kulturarv. Faget skal òg stimulere elevane til ta vare på kulturarv, gamle handverk og tradisjonar slik at desse kan leve vidare i framtida, òg som aktive yrke. I eit samfunnsperspektiv skal faget bidra til å gi kjennskap til og toleranse for både minoritets- og majoritetskulturar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Valfaget kulturarv skal bidra til at elevane får utfalde skaparglede, utforskartrøng og engasjement ved at dei får utøve ulike handverk og tradisjonar. Faget tek utgangspunkt i at vi lever i eit fleirkulturelt og mangfaldig samfunn, og kulturomgrepet femnar om både materiell og immateriell kultur. Faget skal vidare bidra til at elevane kan få større toleranse for mangfald ved at dei får auka forståing av både sin eigen og andre sin kultur. For å utvikle evna deira til å tenkje kritisk, og handle etisk og miljøbevisst, vektlegg faget berekraftig bruk av kulturarv. Faget skal òg bidra til å gjere elevane til aktive kulturberarar.

Valfaga hentar innhald frå andre fag i grunnskolen.

Kjerneelement

Vern for framtida

Kjerneelementet vern for framtida handlar om å ta vare på og vidareformidle ein mangfaldig kulturarv ved at elevane får høve til å få erfaring med ulike tradisjonar og utøve ulike handverk. Kjerneelementet handlar vidare om bevisste haldningar til og kunnskap om kulturarv og betydninga av kulturarv, og om berekraftig bruk av kulturarv. Vern for framtida inneber òg medvit om at kultur- og naturvern heng saman.

Bruk av kulturarv

Kjerneelementet bruk av kulturarv inneber at elevane skal arbeide praktisk med ulike tradisjonar og handverk, og få høve til å fordjupe seg i ulike sider ved og delar av kulturarv. Kjerneelementet omfattar òg kunnskap om forskjellane på materiell og immateriell kulturarv, om samanhengane mellom desse og om korleis dei blir ulikt tekne vare på.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering kulturarv

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke ferdigheiter, teknikkar, reiskapar og verktøy for å utøve ulike handverk og tradisjonar
- drøfte korleis ein ved å bruke, formidle og vidareutvikle kulturarv på ein berekraftig måte kan ta vare på han for framtida
- utforske og formidle korleis materiell og immateriell kulturarv utviklar seg i samspel med, og er ein del av, eit moderne, mangfaldig samfunn
- beskrive korleis kulturarv kan vere ein identitetsmarkør, og reflektere over korleis dette kan komme til uttrykk i ulike grupper i samfunnet

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i valgfaget kulturarv ved å bruke ulike teknikkar, reiskapar, verktøy og ferdigheiter for å utøve ulike handverk og tradisjonar. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei formidlar vidare eigen kunnskap om kulturarv, når dei reflekterer rundt og utforskar ulike sider ved og delar av kulturarv, og når dei ser kulturvern i eit berekraftperspektiv.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte aktivitetar som elevane gjer åleine og saman med andre, og gjennom at dei får vurdere eige arbeid. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i faget. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i å formidle korleis ein kan ta vare på og vidareutvikle ein mangfaldig kulturarv og arbeide praktisk med ulike tradisjonar og handverk.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i valgfaget kulturarv ved avslutninga av opplæringa. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i valgfaget kulturarv basert på kompetansen eleven har vist gjennom å arbeide praktisk med tradisjonar og

handverk og gjennom å formidle korleis ein kan verne om og vidareutvikle ei mangfaldig kulturarv.

Vurderingsordning

Eleven skal ha éin standpunktkarakter.